



KOPI

Håkon Rasmussen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1458 - 17/13645

Saksbehandlar:

Øyvind H. Oddekalv

oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

28.06.2017

Gjeld val av vegstandard, fv. 245 Fosse-Moldekleiv

Vi viser til kontakt om val av vegstandard når det gjeld fv. 245 Fosse-Moldekleiv. Meland formannskap vedtok i møtet 22. februar 2017 å sende ein merknad til oppstart av reguleringsarbeid, gjeldande valt vegstandard og framdrifta til prosjektet (vedlegg 1). I samband med dette har det og vore eit møte mellom Meland kommune og Statens vegvesen, der kommunen held fast på det som vart tatt opp i merknaden (vedlegg 2).

Når det gjeld vegstandard som er valt vil dette medføre ein total breidd på 13 m. Dette er 6,5 m kjøreveg (inkl. skuldre), 3,0 m trafikkdelar og 3,5 m gang-/sykkelveg (inkl. skuldre). Breiddeutvidingar grunna kurvatur vil komme i tillegg. Dette vil vere eit stort inngrep i kulturlandskapet i dette området, og vi meiner at dette må revurderast.

Det fins ein godkjent reguleringsplan frå 2009 (planid. 1256 20070004) for det aller meste av strekninga (frå Hatleberget til Moldekleiv). Vi meiner, av fleire grunnar, at denne reguleringsplanen må liggje til grunn for det vidare reguleringsarbeidet. Den godkjente reguleringsplanen har ein vegstandard på totalt 9 m, noko som vil ta omsyn til både trafikkmengd og mjuke trafikantar på ein tilfredsstillande måte. Ein måte å løyse dette på er t.d rekkverk som trafikkdelar mellom kjørevegen og gang-/sykkelvegen i staden for grøntstruktur.

Ved å ta utgangspunkt i den vedtatte reguleringsplanen frå 2009 vil ein og kunne ha betre framdrift i reguleringsarbeidet, og ved å velje 9 m i staden for 13 m vil også kostnadane i prosjektet haldast på eit lågare nivå. Dette vil, ikkje minst, vere positivt for Nordhordlandspakken.

Vi ber Hordaland fylkeskommune som vegeigar om å velje ein vegstandard for fv. 245 Fosse-Moldekleiv i tråd med ønskja frå Meland kommune, dette gjeld og å søkje om fråvik frå vegnormalen om det er naudsynt. Vi ber om å bli halne orienterte om prosessen og kan gjerne gi ytterlegare informasjon om det er ønskjeleg.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Øyvind H. Oddekalv
Ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

vedlegg 1
vedlegg 2

Kopi til:

Håkon Rasmussen

KOPPI

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Samferdselsavdeli 5020
nga

BERGEN

KOPPI